

MISJONEN SOM KULTURFAKTOR I KINA

AV JAKOB STRAUME

Kvart folk har ein sermerkt kultur. Tankane sine har dei gjeve form i seder og skikkar, og ting som dei har skapt. Det vart skilnad på kulturane ettersom folk hadde ulike evner og livstilhøve. Folk som har skapt velbygde samfunn og gode heimar, har ein høg kultur. Folk som bur i armodslige hytter eller er utan hus og ikkje har noko ordna samfunn, har ein låg kultur.

Ofte vert skriftspråket brukt som kulturmælar. Eit folk som ikkje eig noko skriftspråk, høyrer helst til ein lågare kultur. Folk med eit høgt utbygt skriftspråk og ein rik litteratur har ein høg kultur. Men det spørst om den mælestaven er rett. Menneskeverdet er heilt visst ein betre mælestav.

Men korleis ein enn vil mæle, så har kinesarane ein høg kultur. Dei gamle ordbøkene deira hadde førti tusen ord og uttrykk. Det var så mange at ingen kunne alle. Litteraturen deira var rik både på poesi og prosa. Kanskje var han rikast på historie og filosofi.

Mellom folket finst mykje fin etikette, og kinesarane har vore meistarar i å bygge stilreine hus og lage fine bruksting. I ei verd av armod kan ein finne fine hus, som er herlege kulturminne frå ei gamal tid.

Kulturberar.

Til dette kulturfolket kom misjonæren med evangeliet.

Dei fleste misjonærane høyrde til under- og mellomklassen i heimlandet. Det var ikkje mange rike eller høgætta mellom misjonærane heller, sjølv om det fanst. Dei aller fleste hadde ingen draum om å vere kulturberarar til Midtens Rike. Men dei vart det utan å tenkje på det.

Misjonærane kom frå dei kristne i Europa, Amerika og Australia.

Somme var akademikarar. Andre hadde misjonsskule, lærarskule eller annan skulegang. Men fleire hadde ikkje mykje meir enn folkeskulen. Likevel bar dei med seg kulturen frå heimlandet, som bia ber blomsterstøv frå den eie blomen til hin. Og misjonærane kom til Kina med kulturen frå vest.

Dei fleste misjonærane gifte seg. Dei sette bu, og kalla heimen ein misjonsstasjon. På misjonsstasjonen budde også den einslege misjonæren. Her var utgangspunkt for liv og arbeid. Målet var å forkynde evangeliet. Men for å nå dette målet måtte dei stille seg slik at dei kunne trivast og huslyden deira leve.

Nye skikkar.

Ofte flytte misjonæren inn i kinesarhus med jordgolv og jordvegger. Slik var byggeskikken. Huset var billeg, og det hadde mykje å seie for folk som hadde lite råd. Men jordgolvet er rått og langt ifrå sanitært. Og ikkje alle misjonærar greidde i lengda å bu på jordgolv. Dei treivst ikkje med det. Så måtte dei lage tregolv. Det var meir helsesamt.

Det fanst tregolv mellom velstandskinesarar og. Men dei vaska ikkje, brukte berre soplimen. Men misjonæren var van med å vaske golvet. Berre når det vart vaska i rett tid, var det retteleg sunt. Så vart det vaska ofte. Dette var nytt.

I det varme verlaget måtte misjonæren ha ein tenar eller to. Det var tenarane som måtte vaske. Dei lærde golvvask og mykje anna slag utanlandsk vask. Dermed hadde ein ny kulturfaktor kome inn i dette eldgamle kultursamfunnet.

Med misjonæren kom eit element av uro til Kina. Det var ikkje berre golvet han gjorde om att. Fekk han tid, tok han både tak og vegger.

Dei gamle kinesiske vindaugo var vakre med alle fine krusedullar i sprosser og rammer. Med same papiret var nytt, var det fint og, sjølv om det gav lite lys. Men det var ein svær støvsamlar, og støvplaga kan vere fæl. Når så papiret morkna og vart sprøtt, bles vinden det i tusen filler. Då vart det trekkfullt og utriveleg.

Den koleriske misjonæren lika ikkje å fryse i trekken. Han var ikkje van med slikt. Difor skifte han ut dei gamle vindaugo og sette

nye utanlandske med glasruter i staden. Dei gjorde huset lunare og lysare. Og misjonæren treivst betre. Men vindauga med glas var eit nytt innslag, som drog andre ting etter seg.

I Sør- og Midt-Kina bruker kineserane fyrfatet — kol-elden — til oppvarming i huset. Dette er bra når romet er trekkfullt under raftene. Men har romet fått tette dører, vindaugo og tett loft, vert det vanskeleg med fyrfat og trekol. Kol-osen vert innestengd, og hovudet verker. Difor må fyrfatet skiftast ut, og romet treng omn om vinteren. Men då må ein også ha skorstein.

Misjonæren fann det ikkje alltid lønsamt å reparere gamle hus. Ofte bygde han nye hus, og då vart det helst utanlandsk med kinesisk svip. Dette vart ny stil og byggemåte inne i den kinesiske kulturen. Misjonærane var ikkje dei einaste som bygde utanlandske hus i Kina. Utanlandske forretningsfolk bygde fleire og finare hus i konsejsonsbyane. Og dei selde utanlandske varer: tøy, olje, sigarettar, film og meir.

Likevel fekk ikkje handelsfolket så mykje å seie for kulturen som misjonærane. For handelsmannen sto bak disken eller satt på kontoret sitt. Han var nøgd med å tene pengar. Med misjonærane var det annleis. Dei reiste over heile riket og slo opp sine pauluner alle stader, heilt på grensene av Tibet og Sibiria. Såleis vart misjonsstasjonane bygde i tusen byar, som er spreidde over heile riket.

Og misjonærane hadde eit anna mål enn handelsfolket, som kom for å tene pengar. Misjonærane kom for å gjeve alt det beste dei åtte både av gudsliv og kulturliv.

Dei første misjonærane kledde seg i kinesiske klede, og mennene brukte hårpisk. Dei prøvde å verte kinesarane ein kinesar. Men ingen vart det heilt. Inne på misjonsstasjonane vart det ei blanding av kinesisk og utanlandsk levemåte. Dei bar utanlandske klede under den kinesiske kjolen, og maten fekk både kinesisk og utanlandsk fasong.

Misjonærfolket ville gjerne ha mjølk og smør. Det var dei vane med, og dei trong det. Men det fanst ikkje noko meieri. Heller ikkje fekk dei kjøpt mjølk på gardane, for det fanst ikkje. Så kjøpte misjonæren geiter eller ei ku, som han mjølka. Av mjølka kinna han smør, og stundom ysta han ost. Slikt fann han på når han hadde kone og

born å syte for. Men mjølk hadde ikkje vore brukt der i landet før. Kinesarane vart kvalme når dei tenkte på mjølk. Men så brukte misjonæren mjølk som diet-kost til sjuke kinesarar, først til småborn og så til vaksne. Og dei kjende at det gjorde godt. På den måten lærde kinesarane seg til å bruke mjølk, og mjølkekyr er ikkje lenger ukjent i Kina.

Reinsemd.

Tenestkvinna som hjelpte misjonærkona i huset med klær og barnestell, fekk sanneleg lære nye ting.

Mang ein kinesar undra seg over at misjonærfolket ikkje fekk svullar, skabb og skurv slik som dei sjølve. Men den unge tenestkvinna fekk vite kvifor. Ho måtte lære seg å koke tøy som skulle vaskast. Kokíng og strykejarn drap smittestoffet. Når ho stelte misjonærborna, lærde ho barnepleie og reinsemd. Det kom vel med, då tida kom at ho sjølv vart gift og fekk born. Dei vart like reine og fine i huda som misjonærborna. Ho hadde lært meir enn ho sjølv visste.

Frå det kravlause heimlivet på misjonsstasjonane voks fram fleire slag arbeid, som kvar for seg bar nytt liv til den gamle kulturen. Det kan nemnast at misjonærane skapte ein heilt ny møtekultur i Kina.

Medisin.

Men større var det medisinske arbeidet som misjonærane gjorde. På dette omkvervet var dei heilt ut pionerar.

Kinesarane har frå gammalt vore flinke med medisin, og der bygde dei på røynsle. Dei samla kloke råder og bygde opp store kunnskapar. Men desse kunnskapane hadde ikkje vitskapleg grunnlag korkje i anatomi, fysiologi eller kjemi. Difor vart det berre kloke råder, slik som andre folk har det frå gamle dagar.

Den moderne medisinen kom til Kina med misjonærane, først med lækjarane som kom og bygde sjukehus. Dessutan med den vanlege misjonæren. Med eit medisinsk førstehjelpskurs vart han til stor hjelp for mange. Misjonærane lærde folket å bruke kinin til hjelp mot malaria, santonin mot orm i magen, og salve mot skabb. Misjonsstasjonane vart hjelpeastasjonar mot tusen plager mellom eit lidande folk.

Likevel vart det berre som dropen i havet. Difor skreiv dei heim og bad om meir lækjarhjelp. Misjonane bygde to-tre hundre hospital i Kina. Men doktorane som sleit alt dei vann, såg at dei halvannan million sjuke, som dei stelte om året, var berre frynsene av nauda. Difor vart det fleire misjonar som skipa medisinske skular, som lærde opp moderne kinesiske lækjarar. Mukden Medical College i Mukden og Lingnan i Kanton er mellom dei fremste.

Heller ikkje dette vart nok til det kinesiske medisinal-stellet. Men misjonane har skapt eit mønster og synt vegen som folket må gå. Og det er ein ny kulturfaktor av rang. Men enno er det langt fram. Riksstyret har registrert 13.500 lækjarar. Av desse bur 85 prosent i fem storbyar, resten i mindre byar. Ute mellom folket er mykje enno med det gamle, om ikkje misjonshospitala er i gang.

Dei kristne misjonærane kom ikkje til Kina for å reformere det kinesiske samfunnet, eller lage noko slag revolusjon. Dei kom for å forkynne evangeliet om Jesus Kristus til syndarar. Men då måtte dei syne både kva syndaren og Frelsaren er. Av den grunn måtte han tale om synd og urett og vise rette vegen. Misjonæren vart med liv og lære ein protest mot mykje synd og urett.

Fotbinding.

Misjonærane tok opp kampen mot fotbindinga. Mange argument og mang ein hard strid vart det før den moten vart knekt.

Det vart helst i barneskulane på misjonsstasjonane at det fekk vekse opp gjenter med naturlege føter. Den kvinnelege misjonæren, som gjekk så lett og ledig, vart eit ideal for dei unge gjentene. Men dei måtte tole mange vondord fordi dei braut moten og fylgde utlendingane i dette.

Men seinare såg dei unge at det var meir enn tøy-bindane som vart løyste av bundne føter. Den store hindringa for jamstilling mellom mann og kvinne kom bort. Misjonærane ringde med fridoms-klokka. «Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje mann eller kvinne; for de er alle ein i Kristus Jesus.»

Heimane.

Denne jamstillinga kom klårt fram i det kristne ekteskapet. På misjonsstasjonane var det kristne heimar. Og dei vart mønster. Heid-

ningane fekk sjå ein kristen heim i millom seg. Dei fekk sjå tilhøvet mellom mann og kone, foreldre og born på kristen grunn. Misjonæren bar med seg eit friare livssyn. Og han reagerte sterkt mot barne-truloving og konekjøp.

Ikkje alle gamle ekteskap var ulukkelege sjølv om dei som bygde heimen hadde vorte trulova då dei var born eller før, eller om kona var kjøpt. Ofte kom dei i hop som høvde for kvarandre. Og kampen for brødet gjorde dei umissande for kvarandre, og lukkelege. Og mang ei husfrue var ikkje meir kua enn at dei kunne seie at aust var aust, og vest var vest. Då hende det at mannen vart tøffelheldt. I slike høve var det alltid spørsmål om evner, og ætta som sto bak. Men mannen hadde full moralsk rett til å føre ei ny kone inn i heimen om den første ikkje fødde søner. Den første kona skulle ærast. Den andre skulle føde på kneet hennar.

Ein god konfusianar måtte ha søner for alt i verda. Det var største skyldnaden hans mot forfedrane og etterslekta. Men attåt dette kom det trulause hjarta. Mannen brukte dette som eit påskot til å føre ei ny kvinne inn i heimen, når han hadde funne ei som han lika betre enn den første. Slik tok han så mange koner som han hadde hug til. Og heimen til ein slik libertinar vart som eit harem med mange tragediar. Når så alle etterkomarane til ein mann hørde heimen til i tredje og fjerde led, så vart det ikkje lett å leve for alle.

Men så kom kristendomen og forkynte at ein mann skal ha berre *ei* kone, og leve i lag med henne heile livet. Dette måtte heidningen høyre, og dette fekk han sjå. Ei ny tid har runne over dei kinesiske heimane. Barne-trulovinga kjem bort. Og dei unge vil sjølv velje maken sin og ha eigen heim. Kona i ein av dei første kristne kinesarheimane i Künchow sa då ho var gamal vorten: Mannen min har aldri slått meg. Det kom som ein triumf, noko sers som grannekonene ikkje kunne skryte av.

Opium.

I striden mot opium gjorde misjonærane alt dei vann for å berge folket frå lasten og sjølvmordarane frå døden. Men det såg ut som om dei tapte både i første, andre og tredje runde. Her skal takast med litt av denne soga.

I 1905 skreiv 1200 misjonærar namna sine under eit skriv til styresmaktene, med bøn om å få slutt på opiumsplaga i Kina. Denne innsatsen såg ut til å lukkast betre enn dei vona. I desember 1907 vart Kina og England samde om å minke handelen med og dyrkinga av opium med ti prosent pr. år i ti år. Begge heldt avtalen. I 1916 var opium sjeldsynt vare, og mange stader fanst han ikkje.

Men så kom stor-generalane si tid. Dei trong pengar til herane sine, og ingen ting kunne fylle så bra med pengar i skattekestene deira som opiums-handelen. Då tok opium, borgarkrig og røveri til å blomstre i Kina som aldri før, medan folket vart fattige og forkomne, og misjonærane syrgde.

Men hjelpte det ikkje med samla aksjon, så var dei samla i same mål. Dei streva alt dei vann for å berge dei einskilde for Guds rike. Og der fekk dei gjort ein innsats som har kome Kina til gode.

I dei seinare år har styresmaktene på nytt kome langt med å ta knekken på den brune gift.

Folkeopplysning.

Betre gjekk det med den innsatsen misjonærane gjorde for folkeopplysninga.

Kina har tusenårgamle teikn, og folket har mange av dei. Ein-gong sende dei tusen teikn og klassikarane sine til Japan for å lære morgonsola sine søner å lese. Og japanarane bygde skriftteikna sine på det som dei lånte frå Kina.

Og kinesarane har hatt eit skulestell lenge før nokon annan nasjon. Skulane var for det meste privat-skular med offentleg eksamensstell. Folk med lærdom var høgste standet i landet. Inn i dette standet kunne kvar og ein kome som hadde evner og vilje til å lese, berre han ikkje var son til ein skreddar, barber eller stolberar. Skuleordninga var såleis ikkje heilt demokratisk. Og det var ikkje lett å kome fram skulevegen for den som ikkje åtte pengar. Lærarane var ofte fattige, og løna var lita. Men litt måtte dei ha for å leve.

Kinesarane skildra stillinga i eit ordtak som sa: Den fattige kan ikkje gå på skule, og den rike vil ikkje vere lærar. I det heile var det ikkje meir enn tjuande kvart menneske som lærde å lese, og mange av desse lærde ikkje stort. Alt var pugg dei første åra, sjølv om mange

elear var i ungdomsåra. Først då dei hadde lese nokre år, las dei tolkingar av det dei hadde pugga dei første åra, og læraren greidde ut om det dei hadde lese.

Likaste gutane greidde å ta eksamen «Blomstrende talent». Då hadde dei vorte akademikarar. Og ein herold sprang heim og ropa det ut over tun og gater. Det var stas med duskehuva i Kina óg, sjølv om det var berre ein liten knapp i huva. No kunne dei skrive stil og lage vers. Og elles heldt dei seg til historie og filosofi. Krona på skuleverket var akademiet Hanlin, «penneskogen», som vart skipa år 850. Men dit opp var ein høg stige med fleire trin, som var vanskelege å kome opp. Og få rakk så langt. Det vart ingen overproduksjon av skulefolk i det gamle Kina, og det var godt rom for slike som ville gå i gang med skular.

Misjonæren fann arbeid nok. Han var i stor mon forkynnar og lærar. Så snart det var råd, skipa han skular, men han måtte ta til i det små. Mange skular i Kina tok til med to-tre elevar. Dei var både små og fattige, men skulane kom i gang, og flokken auka. Desse skulane fekk same fagkrinsen som dei andre. Morsmål og filosofi var hovudfag. Pugg vart det også der. Men attåt dette fekk dei kristendomskunnskap og andre fag som høyrer til ein god barneskule. Det kom i smular. Likevel var det med til å vekkje Kina.

I 1905 hadde Kina 470.000 elevar. Det var vel *ein* elev for kvart tusen menneske. Men folket hadde vakna så mykje at keisaren sende ut eit edikt om ei skulereform. Reforma var bra, men for mykje akademisk. Men staten stod utan moderne skular og utan eit lærarstand som kunne ta til med denne oppgåva. Difor dreiv dei på slump. Gamaldagse litteratar fekk eit halvt års kurs i rekning, geografi og gymnastikk, for å verte lærarar i den nye skulen. Det vart i alle høve ikkje rare greiene med gymnastikken. Dei gamle litteratane var like stive som tinnsoldatar, og det var dei kanskje i dei nye faga óg.

Det vart misjonsskulane som vart redninga ut av uføret. Dei sto vel bygde som ein fin modell og hadde god disiplin og rike kunnskapar. Desse skulane vart bindeled mellom aust og vest, mellom gamal og ny tid. Her fann styresmaktene rettleidning då dei skulle skipe eit skulestell for landet. Her hausta dei det som misjoneren sådde i hundre år.

På dette grunnlaget vart eit nytt skulesystem innført i 1922, og det såg slik ut: Folkeskulen var 4 år småskule, og 2 år storskule. Mellomskulen var 3 år i lågare og 3 år i høgre deild. Etterpå kom høgskulen med 4 år. Etter høgskulen kom vidare studeringar.

På denne tid hadde misjonærane gjort eit banebrytande arbeid som skulefolk. Kringom på stasjonane hadde dei laga barneskular, mellomskular, lærarskular, presteskular og meir. På alle skulane var omlag 200.000 elevar.

Av dei høgare skulane som misjonane sette i gang, er det 13 universitet, som enno er i gang. Då desse skulane vart skipa, var det helst tanken å lære opp kristne leiarar til bruk for misjonsarbeidet. Men det heile voks fram slik at det var med å bygge Kina opp som ein moderne stat. På desse skulane fekk mange for alvor lære å kjenne vesterlandske tankar og vitenskap. Og mange av dei fremste leiarane i det nasjonale liv fekk opplæringa si på desse skulane.

Fagkrinsen kunne vere ulik. Teologi og medisin var mellom dei første ting. Seinare kom jus, journalistikk, økonomi og meir. Ved universitetet i Nanking vart det skipa ein landbrukshøgskule, som fekk mykje å seie for jordbruket i Kina. Gjennom denne skulen kom nye frøslag, som gav større fold.

Etter at kinesarane kom i gang med eit moderne skulestell, har dei ikkje lege på latsida. Men enno kan berre tridjeparten av folket lese, så det er langt fram, sjølv om dei har bygd fleire og finare skular enn misjonærane.

Målstrev.

Ein av dei store vanskaner var skriftspråket. Av det var det to slag. *Wenli* var for dei lærde i Kina som latin var for dei lærde i Europa i gamle dagar. Det var fint og vanskeleg *Gwanhwa* var ei enklare språkform. Men noko lettvent var det ikkje. Ein måtte lære fire-fem tusen teikn for å kunne lese. Og ikkje alle hadde tid og evner til å lære så mykje. Difor prøvde mange å finne nye vegar fram til lesekunsten.

I 1915 kom ein kinesar heim frå Amerika, og han hadde laga eit alfabet med 40 teikn lydskrift. Misjonærane tok med glede imot dette nye skriftsystemet, og mange tilårskomne kinesarar lærde å lese ny-

testamentet og andre kristelege bøker på lydskrift. Såleis vart dette nye til stor hjelp i misjonsarbeidet. Lydskrifta vart også innført i dei kinesiske skulane, men dei lærde var imot henne, fordi dei reddast at ho ville kløyve det kinesiske språket. Difor vart lydskrifta til mindre gagn enn ein trudde frå først av.

Det vart nok klårt for dei fleste at det galdt å gjere det gamle skriftspråket enklare, og her braut misjonsarbeidet nye vegar. Den første kinesiske bibelomsetjinga var på Wenli. Men dette var berre for dei lærde, og dei var få. Dei fleste kinesarane kunne ikkje lese. Dei levde i svart vankunne. Når så misjonærane skulle prøve å lære analfabetar Bibelen på Wenli, vart det å gjere det vonde verre. Vankunna synte seg berre endå større.

Slike vanskar tvinga misjonærane til å lage ei omsetjing av Bibelen på det offisielle talemålet. Men denne omsetjinga vart vanvörd av dei lærde, som syntest at det vart altfor enkelt og beintfram. Slikt kunne ikkje ha noko verd. Men misjonærane arbeidde vidare. Gjenom mange omsetjingar og revisjonar nådde dei fram til eit fint språk som er både lettlesne og vakkert. Og Kina sin fremste litterære vitenskapsmann, professor Hu She, har sagt at denne omsetjinga er eit mønster på god kinesisk. Og den kinesiske Bibelen vil få same verknaden som Luthers tyske bibel fekk mellom det tyske folket.

Misjonærane arbeidde óg mykje med å skrive lettlesne lærebøker til skulane. Og der gjorde den kristne kinesaren Jamnes Yen eit meisterverk. Han valde ut 1200 teikn, og skreiv gode og lettlesne lærebøker til barneskulen med desse.

Prenteverk.

Mykje av det litterære arbeidet som vart gjort av misjonærane, sette store krav til prenteverk og bokbinding. Sjølv om kinesarane hadde prenta bøker og blad lenge før kunsten var kjend i Europa, så åtte dei ikkje prenteverk som høvde med den nye tid. Difor tok misjonærane til å lage moderne prenteverk i Kina. På den måten var dei med å legge grunnen til slike institusjonar som gjer bøker og blad til eige for alle.